



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Møterom Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 06.12.2016
Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Øyvind Festø	AP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef.
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skogbruk – sak 89/16
Børild Skåra	Rådgjevar, landbrukskontoret Volda/Ørsta – sak PS 88/16
Per Heltne	Fagansvarleg plan – sakene PS 86/16, PS 87/16
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

SAKLISTE

Saksnr. PS 83/16 **Sak** Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 84/16 **Sak** Godkjenning av protokoll frå forrige møte



VOLDA KOMMUNE

- PS 85/16 **Gbr 136/1 - tilbygg til hytte - Dansen, Åmelfot**
- PS 86/16 **Gbr 30/121 Deling og oppmålingsforretning - dispensasjon
frå plan**
- PS 87/16 **Gbr 19/243 og 19/990 - påbygg og tilbygg til Kårstadvegen 24
- Arnestad AS - klage over vedtak**
- PS 88/16 **1519 gnr/bnr 10/11 - Søknad om deling av bustadtomt - Ståle
Ytrestøl**
- PS 89/16 **Gullbrandshaugen - bygging av landbruksveg på gbr 159 og
160**
- PS 90/16 **Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020. Handsaming
i forvaltningsstyre**
- PS 91/16 **Orienteringssaker**
- OS 8/16 **Vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova – oppføring av
tilbygg og fasadeendring gbr 17/49**
- OS 9/16 **Vedtak på klage etter viltlova – fellingsløyve for hjort 2016 –
klagar: Steinsvik og Vassbakke hjortevald**
- OS 10/16 **Fylkesmannen – svar på klagesak etter plan- og
byggningslova gbr 30/422**
- OS 11/16 **Fylkesmannen – vedtak i klagesak etter plan- og
byggningsloven – gbr 18/285 – klagar: Norhus Ørsta AS**
- PS 92/16 **Fv. 43 over Aldalen. Brøyting**

PS 83/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkallinga:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til innkallinga

**Saklista:**

Sindre Kvangardsnes ynskte å ta opp ei sak om brøyting i Aldalen.

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret – 06.12.2016

Innkalling og sakliste, med ei ekstra sak PS 92/16, vart samrøystes godkjend

PS 84/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret – 06.12.2016

Møteprotokoll frå førre møte 15.11.2016 vart samrøystes vedteke.

PS 85/16 Gbr 136/1 – tilbygg til hytte – Dansen, Åmelfot**Handsaming:**

Sindre Kvangardsnes Volda FRP kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk. Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning:

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er heller ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er heller ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her.



VOLDA KOMMUNE

Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støy i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Åshild Vik kom med nytt framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik som søkt om. Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å sjå på om der er endringar han kan gjere i forhold til alternativ takform, lenging av bygget mot sør og glasing i tilbygget.

Røysting:

Kvangardsnes sitt framlegg fikk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Sunde, Vik, Fylling og Bjørkedal)

Vedtak i Forvaltningsstyret – 06.12.2016

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støyismiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk. Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning:

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støy som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt



VOLDA KOMMUNE

eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støy i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Administrasjonen si tilråding:

Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka.

Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om.

PS 86/16 Gbr 30/121 Deling og oppmålingsforretning – dispensasjon frå plan

Handsaming:

Petter Espe kom med forslag om å ta vekk punkt 2 i tilrådinga. Han trekte seinare forslaget sitt.

Røysting:

Det vart først røysta over Espe sitt framlegg som fekk ei røyst (Espe)

Espe trekte framlegget sitt. Det vart røysta over administrasjonen sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret – 06.12.2016

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for deling av eigedom i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan på fylgjande vilkår:

- 1. På tomtene kan det oppførast einebustader, eventuelt bustad med utleidedel i sokkeletasje.*
- 2. Bustad på ny tomt må tilpassast eksisterande bebyggelse i stil og form.*
- 3. Tomta skal ved oppmåling avgrensast mot Rotsetgeila slik at det vert avsett plass for gate med breidde 6m og 2m fortau.*

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for deling av eigedom i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan på fylgjande vilkår:



VOLDA KOMMUNE

1. På tomtene kan det oppførast einebustader, eventuelt bustad med utleidedel i sokkeletasje.
2. Bustad på ny tomt må tilpassast eksisterande bebyggelse i stil og form.
3. Tomta skal ved oppmåling avgrensast mot Rotsetgeila slik at det vert avsett plass for gate med breidde 6m og 2m fortau.

PS 87/16 Gbr 19/243 og 19/990 – påbygg og tilbygg til Kårstadvegen 24 – Arnestad AS – klage over vedtak

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment av slik karakter at dei gir grunn til endra haldning til saka, og held fast på sitt tidlegare vedtak i saka.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment av slik karakter at dei gir grunn til endra haldning til saka, og held fast på sitt tidlegare vedtak i saka.

PS 88/16 1519 gnr/bnr 10/11 - Søknad om deling av bustadtomt - Ståle Ytrestøl

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret – 06.12.2016

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 02.09.2016, frå Ståle Ytrestøl. Det vert søkt om deling av bustadtomter på 1,0 daa frå gnr 10 bnr 11. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.



Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 02.09.2016, frå Ståle Ytrestøl. Det vert søkt om deling av bustadtomter på 1,0 daa frå gnr 10 bnr 11.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling slik det er søkt om.

Grunngjevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.

PS 89/16 Gullbrandshaugen – bygging av landbruksveg på gbr 159 og 160

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Forvaltningsstyret viser til søknad av 01.11.2016 frå Erling Ulvestad om bygging av Gullbrandshaugen, landbruksveg på Ulvestad.

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål og Normaler for landbruksveier, godkjenner forvaltningsstyret bygging av Gullbrandshaugen i vegklasse 4 som omsøkt.

Vegen skal tilpassast terrenget så godt som mogleg, sideterreng skal stellast til i samsvar etter vegnormalen.

Byggefrist er 3 år frå godkjenning om bygging.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til søknad av 01.11.2016 frå Erling Ulvestad om bygging av Gullbrandshaugen, landbruksveg på Ulvestad.

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål og Normaler for landbruksveier, godkjenner forvaltningsstyret bygging av Gullbrandshaugen i vegklasse 4 som omsøkt.

Vegen skal tilpassast terrenget så godt som mogleg, sideterreng skal stellast til i samsvar etter vegnormalen.

Byggefrist er 3 år frå godkjenning om bygging.



PS 90/16 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020. Handsaming i forvaltningsstyre

Handsaming:

Framlegg frå forvaltningsstyret:

Forvaltningsstyret føreset at arbeidet med kommuneplanens arealdel har høg prioritet for å få ein framtidsretta arealbruk i Volda kommune.

Røysting:

Samrøystes tilråding i Forvaltningsstyret - 06.12.2016 til kommunestyret

Forvaltningsstyret føreset at arbeidet med kommuneplanens arealdel har høg prioritet for å få ein framtidsretta arealbruk i Volda kommune.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

PS 91/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Åshild Vik fekk permisjon og forlot møtet under handsaming av orienteringssakene. Der var 8 røysteføre vidare i møtet.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

OS 8/16 Vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova - oppføring av tilbygg og fasadeendring gbr 17/49

OS 9/16 Vedtak på klage etter viltlova - fellingsløyve for hjort 2016 - klagar: Steinsvik og Vassbakke hjortevald



VOLDA KOMMUNE

OS 10/16 Fylkesmannen - svar på klagesak etter plan- og bygningslova gbr 30/422

**OS 11/16 Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningsloven - gbr 18/285 -
klagar: Norhus Ørsta AS**

PS 92/16 Fv. 43 over Aldalen. Brøyting

Handsaming:

Sindre Kvangardsnes, Volda FRP ba om at forvaltningsstyret handsama sak om brøyting på Fv. 43 over Aldalen.

Volda kommune skal etter planen ta over fylkesveg 43 over Aldalen. Statens vegvesen og Volda kommune har ikkje kome til semje om overtakinga. Dette har fått som følgje at vegen ikkje vert brøytta, og dermed vert 40 hytteeigarar skadelidande som følgje av dette. Dette får helse og miljøkonsekvensar ved at dei fleste får avgrensa tilgang til hyttene sine på vinterhalvåret.

Forvaltningsstyret bed om at Volda kommune set fram krav til statens vegvesen om at vegen skal brøytast fram til parkeringsplassen/snuplassen i hytteområdet, fram til endeleg overtaking om vegen ligg føre. Subsidiert bed forvaltningsstyret om at Volda kommune tek på seg dette inntil avtale ligg føre.

Framlegg frå forvaltningsstyret:

Forvaltningsstyret oversender framlegget til administrasjonen for vidare handsaming

Røysting:

Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Forvaltningsstyret oversender framlegget til administrasjonen for vidare handsaming

Møtet slutt kl. 14.30

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
07.12.2016

Bente Kristin Krøvel
Møtesekretær